



SULA KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON  
Postboks 280  
6039 LANGEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

## Sula kommune - inspeksjonsrapport 2021..012.R.SFMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein inspeksjon gjennomført 6. og 7. oktober ved Sula kommune - teknisk sektor. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Desse personane var til stades under inspeksjonen:

Frå verksemda:

Leon Aurdal

Jørn Agersborg

Fritz Østrem

Terje Havnegjerde og

Dag Kristoffersen

Frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Gunnhild Liva Austvoll

Christian Dahl

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal avdekkja 4 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvika gjeld:

1. Sula kommune har overhald ikkje krav i Internkontrollforskrifta
2. Sula kommune overhald ikkje dei krava som er stilt til reinseanlegga
3. Kommunen manglar overordna oppdaterte planar for arbeide innanfor avløp
4. Sula kommune fører ikkje avvik på ytre miljø

Avvik og merknader er nærare skildra i punkt 3 og 4 i rapporten.

Sula kommune må innan 1. mars 20200 sende ein dato festa tiltaksplan som syner korleis dei vil arbeide med å lukke avvika.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Gunnhild Liva Austvoll  
Senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Sula kommune	Anleggsnummer: 1531.0025.01(Geilneset) og 1531.0026.01(Djupvika)
Bedriftsnr. for undereininga: 974011239	Eigd av (organisasjonsnr.): 974781891
Kommune: Sula	Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing
Kontrollnummer: 2021.012.R.SFMR	Løyve gitt: 14.12.2000

## 2. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningsregelverket blir følgt. Tilsynet er ein del av den landsomfattande avløpsaksjonen i regi av Miljødirektoratet. Formålet med aksjonen er å kontrollere at kommunen tek ansvar for at det samla avløpssystemet er i samsvar med regelverk og løyve.

### Tema for tilsynet var:

- Overordnet styring og planlegging
  - Oversikt over tilstand og regelverk/myndekrav etter forureiningsregelverket
  - Plan legging og styring
  - Rutiner for avvikshandtering
- Utslippskontroll
  - Leidningsnett
  - Tilstand og fornyingsbehov
  - Overløp og lekkasjar
  - Reinseanlegg
  - Prøvetakning
- Rapportering til staten

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekka under inspeksjonen og gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.

## 3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov. Statsforvaltaren fant følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

Sula kommune overheld ikkje krava i Internkontrollforskrifta

### **Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5-8

### **Kommentarar:**

Internkontrollforskrifta stiller krav til at kommunen skal arbeide systematisk og drive eit forbetningsarbeid for å verne miljøet mot forureining. Gjennom å kartlegge farar og problem og med bakgrunn i dette utarbeide planar og tiltak for å redusere risikotilhøve. Gjennom tilsynet kjem det fram at det systematiske internkontrollarbeidet i kommunen ikkje fungerer godt nok.



Tilsynet syner også at planane med arbeidet for avløp ikkje er godt nok forankra i organisasjonen.

### **Avvik 2**

Sula kommune held ikkje dei krava som er stilt til reinseanlegga

#### **Avvik frå:**

Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kap. 14

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5 -7

Sula kommune utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg, datert 14.12.2000

#### **Kommentarar:**

Kommunen skriv sjølv i beskrivinga av reinseanlegga at dei har to Masko-Zoll anlegg, (RA1 og RA2) som er silanlegg. Desse vil ikkje kunne klare krava til primærreinsing. Det står vidare at det berre er ei reinselinge på kvart anlegg og at det går mykje avløpsvatten ureinsa i fjorden når det er tekniske problem med silanlegga. Det føreligg heller ikkje oversikt på reinseresultat eller kor ofte reinseanlegga har vore ute av drift.

U3 Sunde har ein midlertidig slamavskiljar som blei montert i 2018.

Statsforvaltaren vurderer dette som eit alvorleg avvik.

### **Avvik 3**

Sula kommune manglar overordna oppdaterte planar for arbeide innanfor avløp

#### **Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5 – 6, 7 og 8

Sula kommune utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg, datert 14.12.2000

#### **Kommentarar:**

Kommunen har ein hovudplan for avløp gjeldande for perioden 2011-2021. Etter det vi fekk opplyst er det ikkje tenkt å starte opp arbeide med ein ny hovudplan det næraste året. Hovudplana skildrar avløpsanlegga slik dei var i 2011, dei tilfredsstilte ikkje krava til reinsing då heller. Kommunestyret vedtok 10.05.2012 ein ny hovudstruktur for avløp, denne er ikkje gjennomført. Det ligg heller ikkje føre nye planar som syner sanering eller oppgradering av avløpsanlegga i kommunen.

Det blir kvart år utarbeida ein aktivitetsplan, den er gjeldande for eit år av gangen. Det blei sagt at plana er basert på kva som er størst nytte, men det er ikkje laga ein miljørisikovurdering som syner kor behovet er størst. Vårt inntrykk er at aktivitetsplana berre omhandlar leidningsnett med tilhøyrande kummar.

Dei planane som gjeld for Sula i dag er ikkje i samsvar med det som er tenkt og resipientundersøkingane som er gjort er ikkje lagt til grunn for aktivitetsplana eller risikovurderingar (ROS-analyser).



#### **Avvik 4**

Sula kommune førar ikkje avvik på ytre miljø

#### **Avvik frå:**

Internkontrollforskriften § 5 -7

#### **Kommentarar:**

Sula kommune førar ikkje avvik som til dømes er knytt til utsleppskrav eller manglande prøvetaking. Kommunen har to avvikssystem, Risk Manager og Gemini portal, men ingen av desse vert nytta til dette. Risk Manager og Gemini portal er to ulike system og «pratar» ikkje i lag, det vil sei at det som vert rapportert i det eine ikkje synes i det andre. I forkant av tilsynet ønska vi døme på avvik, det vart ikkje lagt fram avvik som var rapportert i Risk Manager.

Meldingane som vert innmeldt i Gemini portal går på driftshendingar, disse vert rapportert og kvittert ut i dette systemet.

Avvik som er peika på frå Statsforvaltaren gjennom eigenkontrollrapporteringa er heller ikkje tatt inn i systema.

### **4. Merknadar**

Merknad blir definert som eit tilhøve som tilsynsetaten meiner er nødvendig å påpeike for å ta i vare det ytre miljøet, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Det blei gitt merknad for desse tilhøva under inspeksjonen:

#### **Merknad 1**

Kommunen har gitt godkjent tilknytning til avløpsanlegg som ikkje overheld krava i løyve og forureiningsforskrifta

#### **Kommentarar:**

Det har blitt gitt godkjent tilknytning til leidningsnett og reinseanlegg som ikkje er i samsvar med regelverket. Dette medfører brot på Plan- og bygningslova § 27-2.

Når reinseanlegga ikkje tilfredstillar reinsekrava kan ein heller ikkje auke tilknyttinga til anlegga.

### **5. Oppfølging etter tilsynet**

Sula kommune har plikt å rette opp dei avvika som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må Sula kommune innan 1.3.2022 sende ei skriftleg plan som viser når og korleis avvika er tenkt retta.

Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til [sfmrpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfmrpost@statsforvaltaren.no) eller på papir til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2016/4751.



## 6. Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal varsla i e-post datert 14.9.2021 at Sula kommune vil bli pålagt eit gebyr på kr 50 700 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarar til sats 5. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

## 7. Moglegheit for klage

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har mottatt denne rapporten. Klagen skal angi den eller dei endringane som de ønskjer. Klagen bør grunngjevast og skal sendast til Miljødirektoratet.

## 8. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) med forskriftar
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Sula kommune utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg